

Fra: Hege Lothe[hege.lothe@nm.no]

Sendt: 31.08.2024 14:55:49

Til: Post Innlandetfylke[post@innlandetfylke.no]

Kopi: Peder Lofnes Hauge[peder.hauge@nm.no];Helen Johannessen[hele-jo2@online.no];Lise Røthe Høgvold[lihoegvo@gmail.com];Noregs Mållag

Arkiv[arkiv@nm.no];

Tittel: Svar på høyring om ny skule- og tilbudsstruktur i Innlandet fylkeskommune

---

Denne eposten er sendt fra en person utenfor organisasjonen. Ikke klikk på lenker eller åpne vedlegg før du er sikker på hvem avsender er og at innholdet er trygt.

Til Innlandet fylkeskommune

## **Svar på høyring om ny skule- og tilbudsstruktur i Innlandet fylkeskommune**

Det er mange omsyn dei folkevalde lyt ta når fylkestinget skal vedta skule- og tilbudsstrukturen for framtida i Innlandet fylke. Noregs Mållag og fylkesmållaget Austmannalaget ynskjer å peike på eitt omsyn som ikkje har vore så tungt framme i ordskiftet: omsynet til nynorskelevane og retten deira til å ha eit like godt skuletilbod som bokmåselevane. Med bakgrunn i det er vi også mest uroa over at skulestad Lom under Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule er gjort framlegg om å bli lagd ned.

Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, skulestad Lom tilbyr mykje nynorsk i klasseromsundervisninga og gjev også eleven nynorske omgjevnader. Det gjer det rett og slett lettare å halde på nynorsken, som dei fleste elevane har med seg frå ungdomsskulen. Det gjer det også lettare å halde på dei lokale dialektane. Vi kan også leggje til at gjennomføringstala for elevane i Lom er imponerande høge med 97 %.

I dag er det 2 831 elevar i grunnskulen i Innlandet fordelt på 13 kommunar. Den største delen av nynorskelevane er i Nord-Gudbrandsdalen, der over 75 % har nynorsk opplæringspråk. Fylkeskommunen som skuleeigar har såleis eit språkansvar for at desse elevane får eit godt vidaregåande skule-tilbod, også på nynorsk.

Ein har rett til å halde fram med det skriftspråket ein sjølv ønskjer, gjennom heile utdanningsløpet. Vi veit at språkskiftet frå ungdomsskulen til vidaregåande skule er høgt. Det mange elevar fortel oss, er at dei skifter til bokmål fordi dei trudde det skulle vere slik, og at veldig mange elevar rett og slett blir møtte som bokmåselevar i vidaregåande skule.

Ut frå røynsler andre stader, veit vi at dei fleste av nynorskelevar vil halde fram med nynorsk i vidaregåande skule, dersom dei får gode nok vilkår for å vere nynorskelev. Dei vilkåra er langt dårlegare på ein skule der nynorskelevane er i kraftig mindretal.

Vi vil her minne om at språklova slår fast at bokmål og nynorsk er jamstilte og likeverdige språk. Paragraf 1 i språklova seier at som eit offentleg organ har fylkeskommunen eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske språket. Å vidareføre skulestad Lom er eit viktig tilskot til det språklege mangfaldet som er i Innlandet, og er svært viktig for dei nynorskelevane det gjeld.

Lise Røthe Høgvold, leiar i Lom og Skjåk dialekt- og mållag

Helen Johannessen, leiar i Austmannalaget

Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag

--

Hege Lothe

Informasjons- og organisasjonsrådgjevar i Noregs Mållag

Telefon 926 48 348